

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/15	Levekårsutvalet	PS	03.02.2015
012/15	Kommunestyret	PS	19.02.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	14/7008

## Retningslinjer til Bygdebok- og kulturminnefond

### Vedlegg:

Retningslinjer for Bygdebok og kulturminnefond

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek framlegg om retningslinjer til Bygdebok- og kulturminnefond til orientering.

For å auke fondet frå kr 890.000 til kr 900.000, vert kr 10.000 overført frå kulturmidlar 2015, til fondet. Midlane vert belasta 14700 261 3750 – *Kulturvern og samlingar*.

Kommunestyret ber om at fondet vert auka kvart år tilsvarande avkastning på fondet.

### Levekårsutvalet - 007/15

#### LE - behandling:

#### Fellesframlegg:

*Levekårsutvalet vedtar framlegg om retningslinjer til Bygdebok- og kulturminnefond med følgjande endringar:*

*-Siste avsnitt i paragraf 2 vert stroken.*

*-Summen i paragraf 6 vert endra til kr. 890.000,-.*

*Levekårsutvalet bed om at fondet vert auka kvart år tilsvarande avkastning av fondet.*

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### LE - vedtak:

### **Innstilling frå Levekårsutvalet 03.02.2015:**

Levekårsutvalet vedtar framlegg om retningslinjer til Bygdebok- og kulturminnefond med følgjande endringar:

-Siste avsnitt i paragraf 2 vert stroken.

-Summen i paragraf 6 vert endra til kr. 890.000,-.

Levekårsutvalet bed om at fondet vert auka kvart år tilsvarande avkastning av fondet.

### **Kommunestyret - 012/15**

#### **KO - behandling:**

Fellesframlegg

Kommunestyret sender saka attende og bed levekårsutvalet vurdere følgjande:

1. Formål og innretning av bygdebok- og kulturminnefondet: avkastning eller søknadsfond.
2. Vurdere om samlelegatet skal avviklast og midlar leggjast til kulturfelt
3. Kommunestyret bed om at saka kjem attende til KO møtet i mai 2015.

Framlegget vart samrøysts vedteke.

#### **KO - vedtak:**

Kommunestyret sender saka attende og bed levekårsutvalet vurdere følgjande:

1. Formål og innretning av bygdebok- og kulturminnefondet: avkastning eller søknadsfond.
2. Vurdere om samlelegatet skal avviklast og midlar leggjast til kulturfelt
3. Kommunestyret bed om at saka kjem attende til KO møtet i mai 2015.

#### **Saksopplysningar:**

## Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

## Bakgrunn

I samband med godkjenning av rekneskap for 2009, vart det oppretta eit Bygdebok- og kulturminnefond på kr 1.000.000. I 2010 vart det løyvd kr 110.000 til Medaaspriskomiteen. Medaaspriskomiteen tok initiativ til å få plassert ein statue av Ivar Medaas i Knarvik senter. Den vart laga av Arne Mæland og blei avduka i november 2010.

Det står pr oktober 2014 att kr 890.000 i Bygdebok- og kulturminnefondet.

Levekår gjorde følgjande vedtak i møte 28.10.14 i sak 089/14- retningsliner – bruk av bygdebok- og kulturminnefond:

*Saka vert utsett og Levekårsutvalet har nedsett ei arbeidsgruppe som skal utarbeida nye retningsliner for bruk av Kulturminnefondet. Arbeidsgruppa består av: Asle Hetlebakke-Krf, Jostein Hellestveit-Sp og Eileen Feste-einingsleiar for kultur.*

Arbeidsgruppa har hatt eit møte.

## Vurdering

Lindås kommune sitt Bygdebok- og kulturminnefond skal gje tilskot til bygdebok- og kulturminneprosjekt.

Bygdebokprosjekt skal gjelde for Lindås kommune.

Kulturminneprosjekt skal ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Lindås kommune. Som hovudregel kan det berre verta gjeve tilskot til antikvariske tiltak, dvs tiltak som sikrar kulturminneverdiane i tråd med deira kulturhistoriske karakter, og ikkje til tiltak som handlar om oppgradering.

Bygdebøker- og kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan, kulturplan og kommuneplan skal prioriterast ved tildeling av midlar frå fondet. Lindås kommune må ikkje verta ekskludert frå å søkje midlar frå Bygdebok- og kulturminnefondet til eigne prosjekt. Lindås kommune har store utfordringar når det gjeld kulturminnestadar som t.d. husmannsplassen på Vikje.

Lindås kommune har vedteke Kulturminneplan for 2011-2021. Det er ikkje eit realistisk mål å ta vare på alle kulturminna. Kulturminneplanen skal peike på behov og løysingar for betre forvaltning av samlingar og kommunale anlegg.

Lindås kommune har løyvd betydelige tilskot tidligare til bygdebok prosjekt som t.d. bygdebok for Lindås. Lindås kommune er kjend med planar om bygdebok for Alversund område. Ein er også kjend med andre aktørar som skriv om lokalhistoriske hendingar og som kan vere aktuelle å søkje støtte frå Bygdebok- og kulturminnefondet.

Levekårsutvalet må ta stilling til følgjande spørsmål om økonomi:

1. Fondet er i dag på kr 890.000. Arbeidsgruppa foreslår at den vert auka med kr

10.000 til  
kr 900.000. Rådmannen gjer framlegg om at kr 10.000 vert henta frå kulturmidlar – sjå sak om fordeling av kulturmidlar 2015.01.20

2. Arbeidsgruppa foreslår at fondet vert auka kvart år tilsvarande avkastning på fondet, og at dette vert nytta til utdeling av midlar frå Bygdebok- og kulturminnefondet. Avkastning tilsvarande fondet i 2014 vert om lag kr 25.000.